



Teknisk drift
Atle Dingen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3967 - 17/12187

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
27.04.2017

Oversending av søknad om dispensasjon frå LNF for frådelling av 2 eigedomar til uttale- gbnr 129/9 Titland søndre

Saka gjeld søknad om frådelling av 2 parsellar som er planlagt nytta til fritidsbusetnad. Parsell A er opplyst å ha eit areal på om lag 820 m², medan areal for parsell B er oppgjeve til om lag 780 m².

Vidare er det planlagt køyretilkomst og parkering for dei to parsellane på hovudbruket gbnr. 129/9. Det ligg føre erklæring som gjev dei to parsellane rettar og pliktar knytt til veg, vatn og avløp på eigedom gbnr. 129/9.

Tiltaket krev at det vert gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet for delar av arealet som inngår i parsell A samt for køyretilkomst og parkering på hovudbruket gbnr. 129/9 som er planlagt nytta av dei 2 nye parsellane.

Det er søkt om utsleppsløyve for dei to parsellane, det må innhentast rett til legging av avløpsleiding over eigedom gbnr. 129/4.

Det er søkt Lindås kommune om utvida bruk av tidlegare godkjent avkøyrsløp til landbrukseigedom.

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3, det er ikkje komt merknadar til varsla tiltak.

Planstatus


Det aktuelle arealet er omfatta av kommuneplanen sin arealdel for 2011-2023 (KPA), arealet er i hovudsak avsett til spredt fritidsbusetnad i KPA, det er i planperioden opna for oppføring av 2 fritidsbustadar i området SF1. Delar av arealet som utgjer parsell A samt køyretilkomst og parkering for dei to parsellane er planlagt etablert på areal avsett til LNF-føremål.

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i KPA for frådelling av delar av arealet som parsell A omfattar. Vidare er det søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av køyretilkomst til dei 2 nye parsellane samt etablering av parkeringsplassar til parsellane på hovudbruket gbnr. 129/9.






Utsnitt fra garsdkart.no (NIBIO)



Kartutsnitt KPA



Orthofoto 2015

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om tiltak - gbnr 129/9 Titland søndre - ny grunneigedom

Erklæring om rettigheter og plikter

Søknad om dispensasjon frå LNF

Søknad om utslepp

Nabovarsel, søknad om utslepp og dispensasjonssøknad - gbnr 129/9 Titland søndre

Søknad om avkøyrsløse frå kommuneveg - gbnr 129/9 Titland søndre

Kartutsnitt grunnkart gbnr 129_9

Kartutsnitt KPA gbnr 129_9

Kopi til:

Charles Sommersest Lilleskare Titlandsvegen 389 5912 SEIM

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland Postboks 7310 5020 Bergen
Landbruksavdelinga
Planavdelinga
Teknisk drift